

Akutt døgn

Psykiatrisk klinikk



Velkommen til oss!

Akutt døgn er ein av fleire seksjonar i Psykiatrisk klinikk og har 15 sengeplassar. Vi tilbyr akutt behandling til pasientar heile døgnet. Vi tek imot pasientar til både frivillig behandling og behandling under tvang. Sengeposten er lukka. Det inneber at dørene er låste og at alle pasientar, pårørande og andre besøkande må kontakte personalet for å gå ut eller komme inn.

Vi tilbyr behandling til personar med ulike utfordringar som til dømes psykose, depresjon, angstliding, bipolar liding, eteforstyrning, rusproblem og akutte livskriser.

Telefon: 57839488/57839489
E-post: post@helse-forde.no
Internett: www.helse-forde.no
Besøksadresse: Psykiatrisk klinikk, Svanchaugvegen 2, 6812 Førde

Utgjeve av Psykiatrisk klinikk, desember 2016.

Oppdatert mars 2021.

Organisering av opphaldet

Alle pasientar får ein ansvarleg behandlar. Det er ein psykiater, psykologspesialist, lege eller psykolog. I personalgruppa er det sjukepleiarar og hjelpepleiarar med spesialutdanning, og assistentar. Du kan og få tilbod om samtale med sosionom. I tillegg har vi aktivitør og helsesportspedagog knytt til sengeposten, samt studentar som tek del i behandlinga.

Døgnet i sengeposten er inndelt i tre ulike vakter (dag, sein og natt). På dagvakt og seinvakt får du eit personale som har særskilt ansvar for deg.

Behandlingstilbod/målsetting

Målet med behandlinga er å lindre sjukdom, og betre helsa og livskvaliteten. Du skal bli betre i stand til å mestre dagleglivet og ta ansvar for livet ditt. Behandlingstilbodet er mangfaldig og vil bli tilpassa dine behov. I behandlinga vil du sjølv spele ei sentral rolle og din eigen innsats er medverkande til betre helse.

Døme på behandlingstilbod er individuelle samtalar, medisin, aktivitets- og treningsterapi samt ECT (elektrokonvulsiv behandling). Det vert lagt vekt på støtte, orden og omsorg.

For din tryggleik

For å ivareta tryggleiken til pasientar, medpasientar, pårørande og tilsette, er det ikkje høve å ta med seg gjenstandar eller medikament som kan brukast til å skade deg sjølv eller andre. Vi ynskjer å gå gjennom bagasjen din ved innlegging for å sikre oss at det ikkje er gjenstandar i sengeposten som kan føre til skade.

Informasjon til næraste pårørande

Vi ynskjer eit godt samarbeid med dine pårørande, fordi det kan bidra positivt i behandlinga. Det er du som avgjer korleis samarbeidet skal vere og kva informasjon vi kan gje vidare.

Vi kan gje pårørande informasjon som allereie er kjent frå før, samt generell informasjon om behandlingstilbodet, sjølv om du ikkje samtykker. Ved innlegging på tvang gjeld særskilte reglar.

Besøk

Det er høve til å ta imot besøk i sengeposten. Vi ynskjer at dette vert avtala med personalet på førehand. Når du får besøk av born under 12 år skal besøket skje på besøksrommet.

Born som pårørande

Vi har eit særleg fokus på born som pårørande. Personalet vil ta kontakt med deg og avklare kva borna dine har behov for av tiltak og samtalar.

Klage

Er du innlagt ved Akutt døgn mot din vilje har du høve til å klage. Du kan og klage på behandlinga du får. Personalet kan hjelpe deg med dette. Klagen vert behandla i Kontrollkommisjonen for Psykiatrisk klinikk, som har møte kvar 14. dag. Du kan bruke eigen advokat eller ein som vert oppnemnt til å hjelpe deg med klagen. Advokathjelp er gratis.

Reglar og rutiner

Vi har rutinar for å ivareta pasientar og tilsette, og for at sengeposten skal fungere best mogeleg.

Du får einerom med eige bad og har høve til å vaske klede på vaskerom.

Vi ynskjer at mobiltelefon og PC skal nyttast på eige rom. Fotografering/videoopptak er ikkje tillete. Det er høve til å røyke ute mellom kl. 07.30 og 22.30. Det er røykfritt inne i sengeposten. Det er ikkje høve til å nytte rusmiddel.

Du kan trenge å ha personale med deg om du vil ut av sengeposten. Dette må avtalast på førehand og turar ut må tilpassast drifta. Tilstanden din kan gjere til at du treng tett oppfølging og i periodar ha personalet hjå deg heile tida.

Personalet vil informere deg om tidspunkt for måltider.

Vi veit at god søvn er viktig for helsa vår. Det er derfor ei stille tid i sengeposten mellom kl. 23.00 og 07.00.

Ta gjerne kontakt med personalet dersom du har spørsmål.